




DET KONGELIGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

*Lovavdelinga
Forskriftseininga*



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
2006/03495 KU/KU3 IE:kdp

Vår ref.
200605691 EO IRJ/an

Dato
17.07.2006

Merknader til utkast til endringar i forskrift 5. desember 1980 nr. 4928 om målbruk i offentleg teneste

Vi viser til høyringsbrev 18. april 2006 om endringar i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste. Forskriftseininga i Lovavdelinga i Justisdepartementet har sett på utkastet og har følgjande merknader:

Ved søking i Lovdata finn vi 6 forskrifter som gjeld krav til målbruk. Ingen av dei har meir enn 8 paragrafar, og fleire har berre ein paragraf.

Etter vårt syn gir ikkje dette ein føremålstenleg struktur på reguleringa. Ei forskrift stiller krav til målbruk i offentleg teneste, ei til målbruk i eksamensoppgåver og ei fastsetjer at helseføretak skal bli sett på som statsføretak etter mållova. To forskrifter og ein delegasjon gjeld læreboknormalen og plikta til å følgje den. Tematisk ser desse forskriftene ut til å handsame krav med meir innbyrdes likskap enn ulikskap. Det er difor grunn til å tru at brukaranes tilgang til reglane blir betre om alle krav til målbruk går fram av ei forskrift. Vi ber departementet vurdere å slå saman alle reglane i ei forskrift, eller i det minste redusere talet på forskrifter.

Tre av dei 6 forskriftene er fastsett ved kongelig resolusjon, dei andre av departementet. Ei forskrift har heimel i ei av dei andre forskriftene.

Det går fram av utkastet til endring i forskrift om målbruk i offentleg teneste at det skal fastsetjast av departementet, men vi har ikkje sett nærare på grunnlaget for dette. Etter vårt syn er det grunn til å sjå nærare på heimlinga av alle forskriftene og vurdere om det er naudsynt at reglane vert fastsett av ulike organ. Generelt sett er det heller ikkje

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 42

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.: 972 417 831

Lovavdelingen
Telefaks
22 24 27 25

Saksbehandlar
Inger Riis-Johannessen
22 24 53 92

ønskjeleg at det vert gitt forskrift med heimel i forskrift. Ei slik teknikk gjer borgaranes tilgang til reguleringa vanskelegare enn naudsynt. Reguleringa vert og meir uoversiktleg for forvaltninga sjølv, og endringar i deler av reguleringa kan lett gi inkonsistens og manglar i reguleringa. Der ein fastset ein meir samla regulering, vert handhevinga og enklare.

Vi har vidare sett på sjølve utkastet til endringar i forskrift om målbruk i offentleg teneste og har nokre merknader. Når ein fastset ein heilt ny forskrift, er det grunn til å gjere fleire strukturendringar.

Vi er samd i at nytt tredje ledd om tilsyn ikkje bør stå først i forskrifta. I samsvar med mykje brukt regelstruktur, vert det fastsett egne paragrafar om tilsyn og rett til å krevje opplysingar til dette formålet. Slike føresegner vert plassert til sist i forskrifta etter dei materielle føresegnene. I forskrifta her kan ein føresegn om tilsyn passende vere ny § 9 etter § 8 første og andre ledd.

Føresegna i § 8 tredje ledd om når forskrifta skal setjas i verk, bør vere eigen paragraf:

Forskrifta tek til å gjelde straks. Frå same tid vert forskrift.....oppheva.

Dei to andre pliktene i § 1 vert best satt i eit ledd, og ein kan godt slå saman §§ 1 og 2.

Endringa i § 8 er etter vårt syn ikkje god. Slik innhaldet i forskrift om målvedtak er utforma, kan ikkje kunngjeringa av målvedtaka skje i eigen forskrift. Vi foreslår som einaste løysing at målvedtaka vert kunngjort som vedlegg til ein felles forskrift om krav til målbruk. Dette vil og gjere vedtaka langt meir tilgjengelege, og det vil sikre at den som les lista får vite kva regler som gjeld på grunnlag av vedtaka, mellom anna kva som ligg i at ei kommune er nøytral, jf. forskrift om målbruk i offentleg teneste § 5 tredje ledd. Vi foreslår følgjande ordlyd:


Vedtak i kommunestyret eller fylkestinget etter § 5 første leddet i lova skal meldast til Kultur- og kyrkjedepartementet. Målvedtak som er melde til departementet, er tatt inn i vedlegg til forskrifta. Målvedtak får ikkje rettsleg verknad for statsorgan før dei er tatt inn i vedlegget.


Det er ikkje naudsynt å ta departementet si handsaming av vedtaka inn i forskrifta. Det viktige er å få fram at vedtaka ikkje får rettsleg verknad før dei er tatt inn i vedlegget. Det skjer ved ei endringsforskrift som endrar vedlegget. Endringsforskrifta vert kunngjort i Norsk Lovtidend og hos Lovdata vil ein alltid finne eit ajourført vedlegg.

Om departementet ønskjer ei nærare klårgjering av synspunkta eller vil diskutere spørsmål kring eit nytt, samla utkast til forskrift, kan departementet kontakte Forskriftseininga ved Inger Riis-Johannessen. Vi kan gjerne ta eit møte om saka og elles bistå i arbeidet.

Høyringsvaret er og sendt elektronisk til postmottak@kkd.dep.no.

Med helsing


Inger Riis-Johannessen
seniorrådgiver


Anita Neraas
sekretær